

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/16	Kommunestyret	PS	07.04.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - U62	16/201

Fornying eller forlenging av tidsperiode for permanente sals- og skjenkeløyve

Framlegg til vedtak:

Sals- og skjenkestadane i Austrheim får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess. Det vert vist til alkohollova §1-7 tredje ledd.

Kommunestyret - 030/16 - 07.04.2016

KS - behandling:

Framlegg frå Anne Dahle Austrheim(Krf):

Sals- og skjenkestadane i Austrheim får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess under føresetnad av at alkoholpolitiske retningslinjer vert revidert innan 30.06.16. Det vert vist til alkohollova §1-7 tredje ledd.

Framlegget frå Anne Dahle Austrheim(Krf) vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Sals- og skjenkestadane i Austrheim får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess under føresetnad av at alkoholpolitiske retningslinjer vert revidert innan 30.06.16. Det vert vist til alkohollova §1-7 tredje ledd.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Sals- og skjenkeløyve vert gjeve for ein fireårs periode, som fylgjer kommunestyreperioden med noko overlapping. Dei løyva butikkane og skjenkestadane har i dag går ut 30. september 2016.

Tildeling og vilkår vert gjeve av Alkohollova med tilhøyrande Forskrift og dei kommunale alkoholpolitiske retningslinene.

Hovudregelen er at ein søker om fornying kvart fjerde år, og at søknaden vert sendt på høyring til Politiet og sosialtenesta før kommunestyret handsamar søknadane (jamfør §1-7, andre ledd i alkohollova).

Vurdering

Frå 1.1.2016 er det gjort endringar i alkohollova som seier at ein kan gjera unnatak frå hovudregelen (alkohollova § 1-7, tredje ledd), dersom vilkår er oppfylt. Vilkåret er at noverande kommunestyre må ha vedteke alkoholpolitiske retningsliner (alkohollova §1-7, fjerde ledd). Retningslinjene vil bli lagt fram for kommunestyret i juni.

Lova seier dette:

Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltreter.

Kommunal bevilling til salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltreter. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning.

Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde videre for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltreter. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. Istedentfor krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.

Dersom kommunestyret gjer vedtak om alkoholpolitiske retningsliner, kan ein altså gjera vedtak om å forlenga dei løyva som er i dag utan søknadsprosess. Ein gjer likevel vedtak om forlenging for kvart einskilde løyve, og kan leggja til eventuelle nye vilkår som skal gjelda for den einskilde staden. Rådmannen ser dette som fordelar for verksemndene, som då slepp å senda inn ny søknad. Intensjonen med det nye lovvedtaket er mellom anna å spara administrativt arbeid med søknadshandsaming.

Rådmannen ser også ei utfordring med å vedta forlenging, knytt til §1-7 og 1-7b i alkohollova. Det skal innhentast vandelsopplysningar på løyvehavar og andre med vesentleg påverknad på sals- eller skjenkestaden, og dersom det ikkje vert levert ordinær søknad, må administrasjonen likevel henta fleire av dei opplysningane som ein elles får i søknaden. Ein har erfaring med at samansetjinga endrar seg i løpet av fireårsperioden, og at kommunen dermed ikkje kan gjera seg

nytte av søknad som er sendt tidlegare. Rådmannen er dermed usikker på i kva grad det vert mindre administrativt arbeid totalt sett.

- Radøy kommune har gjort vedtak om forlenging
- Bergen kommune legg opp til vanleg sakshandsaming av desse sakene.

I Austrheim er det tre salstader og 2 skjenkestader.

Etter ei totalvurdering vil rådmannen rå til at sals- og skjenkestadane får tilbod om å forlenga løyva utan søknadsprosess.

Konklusjon

Sals- og skjenkestadane i Austrheim får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.